



Bergen 1.november 2017

Kommunekontakt skoleskyss

Etter opplæringslova skal fylkeskommunen organisere skoleskyss i samråd med kommunane. I Hordaland er det Skyss som har ansvar for denne oppgåva. Samhandlinga mellom Skyss og kommunane har så langt ikkje vore formalisert, men Skyss ønskjer no å opprette ein formell kommunikasjonskanal for å forbetre kommunikasjonen og samhandlinga rundt skoleskyss. Skyss vil etablere betre system og rutinar for dialog og samhandling for å sikre at skoleskyssen blir forvalta mest mogleg effektivt i samsvar med lovkrav, og for å sikre kvaliteten på tilbudet for den einskilde elev.

For å få til dette, trenger Skyss å få ei stadfesting av ein kommunekontakt for skoleskyss for kvar kommune. Denne kontakten vil vere Skyss sin kontaktperson for spørsmål, innspel, problemstillingar og spesifikke saker for gjeldane kommune. Vi ber såleis om at kommunen melder inn ein kontaktperson til oss innan 24.11.2017.

Skyss ønskjer vidare å samle alle kommunekontaktane i ei eiga årleg skoleskyssamling. Føremålet med samlinga er at Skyss saman med representantane frå kommunane kan diskutere meiningar, utfordringar og idear relatert til skoleskyss, og få ei gjensidig avklaring av behov og ei felles forståing av lov og forskrift og korleis ein praktiserer ordningane.

Vedlagt ligg ein kort presentasjon om prosjektet «Samhandling med kommunane i Hordaland, skoleskyss 2017» for informasjon om vegen vidare. Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål eller kommentarar.

Kontaktperson i Skyss er Beatriz Friscione, faggruppeteider skoleskyss Beatriz.Friscione@skyss.no. Spørsmål eller innspel som gjeld kommunekontakt kan rettast til Beatriz.

Med vennleg helsing,

Oddmund Sylta
Direktør i Skyss

Målfrid Vik Sønstabø
Leiar avdeling Trafikktilbud